



Eit bilete frå Neset med det blømande pæretreet til Kjell Yri,

**flagget og Ulvanåso pryder 17.-maiprogrammet som er lagt ut for sal i SPAR, Lises bruktforetning og Gros Blomster i ettermiddag. Ikkje berre omslagsbiletet er nytt, også deler av programmet er endra - med ein større konsentrasjon om sentrum.**

Ellers er opplegget tradisjonelt. men med vissse justeringar. Til dømes skal Røysterett for alle i elden to gonger - i kyrkja og under festprogrammet som dette året vert avvikla på skuleplassen eller i Aktivitetshuset.

Folketogget går denne gongen via Friluftsplassen og Dønhaug og ned til skulen, noko som betyr at det blir ein skikkeleg motbakke omtrent halvvegs. Begge korpsa skal sjølvstekt vera med, musikklaget 2 gonger.

Kven som skal tala ved bautaen på Friluftsplassen var ikkje avgjort då programmet gjekk i trykken, men talen for dagen skal haldast av ein skarpskodd advokat og det knyter seg store forventningar til kva Bjarte Døssland har på hjarta. Det skule vera nok å ta tak i både lokalt og sentralt-

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen